

Trequer meir pengar for å ferdigstillast prosjektet Gull av grus.

30.10.2019



Hordaland Asfalt, ein innleigd firma gjennom Musland Maskin, la asfalt på den eine langsida mot Neset og på kortsida mot skulen.

Det trengst midlar inn i prosjektet for ferdigstilling av Gull av grus. I veka som var, vart det lagt asfalt på den eine langsida mot Neset og på kortsida mot leikeplassen til skulen. Underlaget og massane på arealet mot barnehagen er for ustabil. Her må det på plass nye og betre massar før det kjem asfalt. Det same gjeld det som er parkeringsplass i dag, og ved betongmuren der det skal koma skatepark.

Det er prosjektleiar, Steinar Haugland, som fortel dette til Uskedalen.no. Det er ikkje nok midlar på konto for å få gjort det som står att før Gull av grus kan reknast som ferdig. Arbeidet stoppar ikkje. Dugnadsgruppa er klar for ein jobb med planering og utskifting av massar. Noko må likevel venta til våren for å få eit betre underlag.

Det skal koma gjerde på murkanten og asfalt på heile flata ved betongmuren, både oppe og nede. Då er tida inne for å flytta skateelementa, som i dag står på skuleplassen. Sikringa på murkanten må inntil vidare vera ei mellombels løysing.



Massane på parkeringsplassen og resten av arealet rundt banen må bytast for å få eit betre underlag før det vert lagt asfalt. Asfaltarbeidet nyleg vart gjort av innleigd firma med namnet Hordaland Asfalt. Det er Musland Maskin som har hovudentreprise på planering og maskinarbeid.

Prosjektgruppa jobbar vidare med å styrka økonomien fram mot ei ferdigstilling av prosjektet Gull av grus.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal